



Notat

Dato: 25.05.2018
Arkivsak: 2017/15695-10
Saksbehandlar: helmoe_

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Istandsettingsprogrammet Prosjekt Bryggen i 2018

Prosjekt Bryggen er eit langsiktig istandsettingsprogram som skal bidra til sikring og istandsetting av verdsarvstaden Bryggen. Frå 2010 har Hordaland fylkeskommune hatt ansvar for å fordele delar av midlane til istandsetting, sikring og nokre fellesoppgåver. I sak 56/13, den 20.02. 2013, vedtok Fylkesutvalet retningslinjer for tilskot, og ga fylkesrådmannen mynde til å fordele tilskot til tiltak i ordninga.

Fordeling av tilskot i 2018

Dei årlege statlege løyvingane har variert noko. Total ramme til fordeling til tiltak som gjeld istandsetting, sikring og fellesoppgåver i 2018 er ca. 16,8 millionar kroner, inklusive overførte midlar frå 2017.

For 2018 var det totalt søkt om ca. 17,5 millionar kroner i tilskot, fordelt på 7 søknader. Av desse søknadene fekk ein søknad, med søknadsbeløp kr. 315.000, avslag. For dei andre søknadene vart søknadsbeløpa i all hovudsak innvilga.

I tillegg til søknadsbeløp og fordelte tilskot for 2018 kjem eit beløp på kr. 500.000 som er sett av til kjøp av konsulentteneste. Totalt blir då søknadsbeløp for post 79 i 2018 ca. 18,1 millionar, og total ramme til fordeling blir ca. 17,3 millionar kroner.

Det nemnde konsulenttenesta er eit vilkår som Riksantikvaren har gitt for tildelinga til post 79 i 2018:

«Videre må fylkeskommunen engasjere en konsulent som kan følge med på istandsettingsarbeidet og komme med forslag til hvordan istandsettingen kan effektiviseres, uten at det går utover den faglige kvaliteten på arbeidet. (...) Det er en forutsetning at en slik konsulent er på plass før det gis tilskudd til oppstart av istandsettingsprosjekt, som for eksempel forundersøkelser i Bredsgården 2b.»

Fylkeskommunen har hatt møte med Riksantikvaren om konsulenttenesta, og legg opp til at det blir sendt ut ei anbodsinnbyding før sommarferien. I tråd med Riksantikvarens sine vilkår i tildelingsbrevet er det ikkje fordelt tilskot til start av istandsettingsprosjekt, det vil seie til forundersøkingar, enno. For 2018 står det difor no kr. 850.000 i udisponerte midlar. Desse vil bli fordelt så snart fylkeskommunen har engasjert ein konsulent.

Hovuddelen av tilskotsmidlane i 2018 er fordelt til istandsettingstiltak. Som tidlegare år er det i tillegg gitt tilskot til materialbanken, til felles brannsikringstiltak og til felles driftsoppgåver.

Vedlagt er ein oversikt over fordelte tilskot 2018, tilskota 2017, og korleis overførte, ubrukte midlar frå 2017 er fordelt i 2018. Vedlegget viser òg fordelinga av førehandstilsegnet for 2019, og har ein kort skildring av kva det er gitt tilskot til i 2018.

Vedlegg:

Tilskot 2017 og overføringar til 2018, tilskot 2018, førehandstilsegn 2019, kort skildring av tiltaka som har fått tilskot i 2018, samla i eitt vedlegg.